

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: *

Tal uprenta vedlegg: *

Program for Kinasatsing

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet vil utarbeide ein samla Kina satsing i tett samarbeid med dei fire fylkeskommunane. Eit framlegg til program vert lagt fram våren 2011
2. Vestlandsrådet løyver kr 100.000 til etablering av eige kontor hos Norwegian Business Incubator og Nordic Industrial Park i Ningbo med ein opsjon på ytterlegare to år ved positiv evaluering. Kontoret, som Vestlandsrådet vil ha ansvaret for, vil rette seg mot verksemder på Vestlandet som ønskjer å bli betre kjende med tilhøva i Kina og få hjelp til å etablere eiga verksemd her. Leige av kontoret vil vere gratis for verksemdene. Intensjonen er å få til ein langsiktig avtale om leige av kontor i nært samarbeid mellom regionale norske aktørar.
3. I tillegg vil Vestlandsrådet i samarbeid med fylkeskommunane vurdere etablering av eit utvekslingsprogram for lærlingar innan maritim industri i samarbeid med Yuexin Shipbuilding Company Limited i Guangzhou.
4. Vestlandsrådet vil òg arbeide for at det vert etablert eit eige Innovasjon Noreg kontor i Guangzhou

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

Innleiing og bakgrunn

Denne saka presenterer eit framlegg til å etablere ei eiga satsing på Kina i regi av Vestlandsrådet. Den tar utgangspunkt i tidlegare saker i Vestlandsrådet om delegasjonsbesøk til Kina og EXPO 2010 hausten 2010 og målet her om å vurdere nærare samarbeidsrelasjonar med Kina.

Det er no gjennomført ein delegasjonsreise i regi av Vestlandsrådet saman med nærings- og samfunnslivsaktørar på Vestlandsrådet, i tråd med vedtak i rådet, jamfør sak 17/09, sak 03/10 og eige notat om den norske EXPO 2010 satsinga, dagsett 16.11 2009. I sak 17/09 vedtok rådet at målet med ei delegasjonsreise til Kina skulle vere

”... å sjå nærare på grunnlaget for å etablere nærare kontakt med den kinesiske marknaden i partnarskap med sentrale nærings- og samfunnslivsaktørar på Vestlandet, vurdere framtidige relasjonar med Kina, og å framstå samla på Vestlandet overfor potensiell etablering av Kinesiske relasjonar i framtida”.

Bakgrunnen for at Vestlandsrådet valde å reise til Kina og for at fylkesrådmannen no vil presentere ei skisse til ei meir samla Kina satsing i regi av rådet, skriv seg frå den sterke posisjonen Kina har verdsøkonomien og dei openbare muligheter verksemder på Vestlandet har for å ta del i den utviklinga som nå synest å gå med stor fart i Kina.

Vestlandsrådet fekk sjølv oppleve kva potensiale og erfaringar norske verksemder har i Kina. Her vart m.a. verdien av gode relasjonar lokalt og sentralt vektlagt når verksemder skal etablerast. Ikkje minst synest politisk involvering frå Noreg å vere avgjerande for å nå fram i Kina sitt styringsverk. Det at Noreg har eit godt utbygd støttenettverk i form av to Innovasjon Noreg kontor – Beijing og Shanghai – samt ein norsk ambassade i Beijing og to generalskonsulat i høvesvis Shanghai og Guangzhou, gjer at ein har eit særskilt godt utgangspunkt og ”støtteapparat” med omsyn til etablering av relasjonar og verksemder i Kina. Dette støtteapparatet er i tillegg dels styrt av fylkeskommunane ved at dei no har eit eigaransvar (49%) saman med staten for Innovasjon Noreg.

Målet med denne saka i denne omgang er derfor å invitere Vestlandsrådet til å vedta ei eiga Kina satsing. Saka skisserer ein prosess der vi presenterer nokre handlingspunkt som kan realiserast allereie. Men vi gjer samstundes framlegg om at farten må avpassast og samsvare med forholda. Med det meiner vi at vi i saka i tillegg vil gjere framlegg om at vi brukar litt tid til å utarbeide ein meir samla Kina satsing slik at vi både får med oss tidlegare og noverande relasjonar som fylkeskommunane har eller har hatt med Kina og at fylkeskommunane saman med den regionale partnarskapen får høve til å spele inn kommentarar til eit slikt engasjement i regi av Vestlandsrådet.

Sjølv om innrettinga på ei slik satsing openbart vi ha eit fokus på næring og innovasjon, må vi samstundes kunne vurdere om det òg bør inkluderast sider ved sivile samfunn som interessant for ei meir samla satsing. Døme her er institusjonelle samarbeid, skule- og opplæringsprogram, kultursatsing, osb. Framlegget vårt er likevel at dette vil vi ikkje ta stilling til her, men sjå nærare på i eit lengre perspektiv.

Relasjonar med Kina – potensiale for Vestlandet?

Som rådet fekk poengtert ved fleire høve i samband med delegasjonsreisa til Kina, er no Kina verdast nest største økonomi. Men likevel er den samstundes den raskast veksande økonomien med 9,5% i året. Handelsoverskotet dei første fire månadane i 2007 var på over 60 mrd dollar, og

landet er i dag verdas største eksportør. Kina har opplevd ei sterk stimulusreve utvikling, særleg i vestlege og sentrale deler av Kina. Samstundes må vi ha med oss at landet framleis mottek støtte frå FN's matvareprogram. Heile tre fjerdedelar av Kina sin folkesetnad er sysselsett i jordbruket.

For Noreg og Vestlandet er Kina som marknad særst viktig. I følgje generalkonsulatet i Guangzhou er Kina Noregs 5 største handelspartnar. Inkluderer vi "Greater China" (som inkluderer Hong Kong, Taiwan, Singapore, Malaysia) er dette den 3. største handelspartnaren for Noreg.

I følgje generalkonsul Tormod Endresen ved generalkonsulatet i Guangzhou, kan Noreg og Vestlandet ta del i den verdiskapinga som går føre seg i Kina på ein ny måte. Det handlar om å skape noko nytt i ein heilt ny økonomi. Men skal ein få dette til, må ein vere nærverande og ta del i samarbeidsformer som er annleis enn dei vi er vande med. Truleg kan Noreg og Vestlandet likevel berre ta del i teknologi og innovasjon innanfor få sektorar. Derfor er det særst viktig å vere særst tydeleg på kva målet er. Maritim sektor og fornybar energi er sentrale. I tillegg har Innovasjon Noreg særleg fokus både på ICT, helse (teknisk innovativt), og reiseliv.

Ønskjer ein å vere med, må det likevel byggast "Kina kompetanse", dette er som Vestlandsrådet fekk understreka fleire gonger, særst viktig. Samstundes er det interessant å merke seg at Noreg sin samfunnsmodell, som m.a. byggjer på ein sterk offentleg velferdsstat kombinert med stor demokratisk transperens og deltaking, får auka merksemd. Eit mogeleg scenarie mot ein meir demokratisk og harmonisk samfunn med vekt på miljø, helseomsorg og trygge arbeidsvilkår er realistisk. Det at Kina også ha eit verdas største nettsamfunn er også interessant å merke seg.

I ein norsk kontekst er det likevel ei utfordring at Noreg ikkje er veldig aktive med omsyn til å etablere verksemder i Kina. Tal frå Innovasjon Noreg viser at 125 norske verksemder har etablert seg i Kina. Til samanlikning er det etablert 550 svenske verksemder, medan Nederland, som har vore endå meir aktive, i dag har 800 verksemder i Kina.

Vestlandsrådet si rolle

Kva for rolle – eller forventning – kan Vestlandsrådet spele for å etablere ei meir samla Kina-satsing på Vestlandet? Vi kan sjå for oss minst tre sentrale roller – det eine knytt til ein kunnskapsbase, det andre som "dørøpnar" og det tredje som koordinator, initiativtakar og formidlar.

Kunnskapsbase

Ein viktig grunn for at Vestlandsrådet arrangerte ei delegasjonsreise til Kina skriv seg frå den openbare grunngevinga om at regionale politikarar må gjere seg kjent med kva som går føre seg i eit av verdas raskaste transformerte land og økonomi, og kunne vere medveten om kva konsekvensar dette kan for Noreg og Vestlandet og for verksemder frå denne landsdelen. Alternativet er at ein ikkje forstår kva som går føre seg her og kva at det har konsekvensar å vere utan innsikt og kompetanse om nettopp denne delen av verda. Dette ville openbart vere nokså uheldig, ikkje minst om ein også tar omsyn til at fylkeskommunane saman med staten no rår over eit særst viktig og spennande støtteapparat m.a. i Kina.

"Dørøpnar"

Delegasjonsreisa til Kina viste oss at norske politikarar kan spele ei avgjerande rolle med omsyn til å bygge relasjonar og skape grunnlag for bedriftsetablering. I ein kinesisk kontekst synest nettopp relasjonsbygging som særst viktig. Begge besøka våre med dei to provinsguvernørane ville ikkje vere mogeleg om dei ikkje vart møtte med tilsvarende politisk rang frå norsk side. Slik sett er omgrepet "dørøpnar" nytta for å synleggjere verdien av å ha med høgt rangerte politikarar som

kan møte på tilsvarende nivå lokalt og regionalt i Kina. Dette er nok langt viktigare enn det vi elles er vande med.

Koordinator, initiativtakar og formidlar

I tråd med rolla som regional utviklingsaktør, vil Vestlandsrådet kunne opptre som både koordinator, initiativtakar og nettverksformidlar i forhold til både kontaktar i Kina og potensielle aktørar på Vestlandet. Føresetnaden er at ein spelar godt på lag med den regionale partnerskapen. Innovasjon Norge, NHO, LO, forskingsinstitusjonar, kommunar, det sivile samfunn er særskilt viktige å ha med seg her.

Program for ei samla Kina-satsing på kort sikt

1. Etablere kontor til bruk for Vestlandske bedrifter i Ningbo

Eit av dei tiltaka som kan etablerast raskast, er å leige eit kontor i regi av Vestlandsrådet hos Norwegian Business Incubator (NBI) til fri og gratis disposisjon for verksemder på Vestlandet som ønskjer å bli betre kjend med tilhøva i Kina å få hjelp til å etablere eiga verksemd her. Norwegian Business Incubator NBI, som blir etablert i desse dagar, er ein del av Nordic Industrial Park (NIP) og ligg i Ningbo, like sør for Shanghai.

Ved å etablere eit slikt kontor, er Vestlandsrådet med på å legge tilhøva til rette for innovatørar, entreprenørar og mindre selskap frå Vestlandet som planlegg å starte forretningar eller søke samarbeidsrelasjonar i Kina. I tillegg vil det vere relevant for kunnskapsinstitusjonar som universitet, forskingsstiftingar og høgskular å nytte eit slikt kontor og dermed òg ta del i dei fasilitetar som NBI tilbyr. Aktuelle område kan vere muligheter og utfordringar i Kina innan fornybar energi, energiøkonomisering, miljø, maritim industri og biorelaterte prosjekt.

Leige av eit slikt kontor har ein kostnad på ca kr 80.000 i året. Vi kan lage ei ordning som sikrar deltaking frå heile Vestlandet ved at vi involverer Innovasjon Norge sine regionkontor samt tilsvarende regionkontor for LO og NHO. Spørsmålet er om vi skal starte med eitt år eller om vi heller bør leige for 2 år slik at vi sikrar ein best start over lengre tid og ikkje satsar alt på for kort tidsintervall.

Norwegian Business Incubator blir no etablert i Ningbo som eit samarbeid mellom Ipark (Stavanger Innovation Park) og NIP. Etableringa vert elles gjort i nært samarbeid med Innovasjon Norge og SIVA. Partnerar elles i satsinga er Universitetet i Stavanger og International Research Institute of Stavanger (IRIS). Eit kontorfellesskap i NBI vil sikre innovatørar, entreprenørar og mindre selskap ein unik sjanse til ein enkel, kostnadseffektiv og trygg ramme for å vurdere og førebu etablering av egne prosjekt i Kina.

Ningbo ligg nært Shanghai og er lokalisert til ein særskilt dynamisk del av Kina med omsyn til transformasjon og økonomiske utvikling. NIP, som NBI vil vere tett tilknytt og samlokalisert til, vart etablert i 2002 av norske investorar og er ein forretnings- og industripark med både store produksjons- og samanstillingsfasilitetar og kontorfasilitetar. 50 nordiske selskap er allereie etablert her. Sjå elles www.nip.com.cn.

2. Utvekslingsprogram lærlingar

Eit anna tiltak som ein òg bør kunne raskt sjå nærare på, er etablering av eit utvekslingsprogram for lærlingar innan maritim industri. Ideen vart drøfta med leinga på Yuexin Shipbuilding Company Limited då deler av delegasjonen var på vitjing der. Yuexin Shipbuilding Company ligg

i Guangzhou i regionen Guangdong, som Rogaland fylkeskommune har skrevet ein samarbeidsavtale med.

Yuexin Shipbuilding Company vart etablert i 1999 og har hatt eit godt og tett samarbeid med Noreg. Det skuldast ikkje minst samarbeidet verftet har med Havyard, som har designa fleire av båtane på verftet og som dei ønskjer å samarbeid med i framtida. I tillegg har verftet gode relasjonar med Det Norske Konsulatet i Guangzhou, og General konsul Tormod C Endresen har hatt med seg fleire norske delegasjonar for å besøke verftet, inkludert statsråd Trond Giske med følge, som var der i mai 2010.

Skal vi få dette til, må ei slik satsing knyttast opp til ein eller fleire vidaregåande skular, t.d. innan teknikk og industriell produksjon. I tillegg til Rogaland, som har samarbeidsavtale med regionen, ville det vore eit fint høve for dei tre andre fylkeskommunane å engasjere seg her og på det viset ta del i samarbeidsavtalen Rogaland har signert. Eit slikt program knytt til denne delen av Kina, vil òg ha den fordel at det norske konsulatet vil kunne spele ei aktiv rolle her.

Yuexin Shipbuilding Company er lokalisert til sør-Kina og ligg i området som blir omtala som ”Elvebyen i Lingnan”, ein times køyring frå Guangzhou. Området har rike tradisjonar innan skipsbygging og er kjent lokalt som ”heimbyen for skipsbygging”.

Verftet omfattar 100 000 kvadratmeter og har to semistengde slippar, 4 slippar med spor, to tørrdokker og tre flytande dokker. Verftet kan ha seks skip liggande samstundes, og gjennomfører om lag 20 prosjekt samstundes, og leverer 12 skip årleg.

3. Påverke for eit eige IN kontor i Guangdong/Guangzhou

Innovasjon Noreg har i dag 15 tilsette i Kina fordelt på to kontor, eit i Beijing og eit i Shanghai. Med bakgrunn i den transformasjon og økonomiske utvikling som går føre seg i Kina i dag, så er det truleg ikkje utenkeleg at det vil kunne bli etablert eit Innovasjon Noreg kontor til i Kina. I så fall vil det vere naturleg å etablere eit slikt fast kontaktpunkt i Sør-Kina. Det er her veksten er størst og med den relasjon Vestlandet etter kvart vil få hit, vil det vere ønskeleg å få eit eige Innovasjon Norge kontor hit.

Med utgangspunkt i at fylkeskommunane i dag saman med staten har styrerett over Innovasjon Norge, bør Vestlandsrådet derfor ta initiativ til å drøfte ei slik løysing nærare med Innovasjon Norge.

Program for ei samla Kina-satsing på lang sikt

Sjølv om det allereie no er mogeleg å starte med nokre konkrete handlingspunkt, er det likevel avgjerande at ein brukar litt tid til å gjere ei grundig analyse av ei meir samla satsing Kina satsing. I ein slik analyse må ein m.a. både sjå nærare på kva behov og ønskjer verksemdar på Vestlandet verkeleg har med omsyn til internasjonal etablering, men på den andre sida òg informere om kva som er faktisk mogeleg å få til i Kina.

I tillegg må er det viktig at fylkeskommunane meir aktivt blir trekt med i arbeidet med ein samla Kina strategi og får høve til å spele inn. Det same gjeld den regionale partnerskapen, som både representerer potensiale aktørar – både næringsaktørar, FoU aktørar, utdanningsinstitusjonar og sentrale organisasjonar – og som allereie sit med viktig erfaringar.

Vestlandsrådet
Saksbehandlar: Trond Ueland
Arkivsaksnr.: 10/31

Vi bør òg m.a. sjå nærare på kva som er gjort tidlegare, og om det er eksisterande samarbeid og avtaler som bør inkluderast.

Det betyr at vi bør sette ned ei gruppe som legg fram eit framlegg til ”masterplan” t.d. i løpet av våren 2010. denne gruppa kan etablerast administrativt og arbeide i tett kontakt med AU og sekretariatsleiar.